

MØTEPROTOKOLL

Utval: Utval for natur
Møtestad: kommunestyresalen
Møtedato: 04.06.03 **Tid:** 14.30 – 19.30

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev dagsett .

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 7 medlemmer møtte 7

Andre som var tilstade på møtet:

Ordførar, administrasjonssjef og leiar av teknisk eining

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 11. juni 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart samrøystes godkjend

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen frå førre møtet vart samrøystes godkjend.

UTVALET SITT KVARTER:

Det vart reist spørsmål om framdrifta på gjenbruksstasjonen. Det vart vist til at arbeidet er lyst ut, men at me pr. d.d. ikkje veit om stasjonen vert etablert før sommarferien slik BIR tidlegare har lova. Ordførar vil orientera kommunestyret om status i førstkomande møte.

Berit Hernes ba om orientering om korleis tingingane for grunneigarane som var involvert i samband med vassverktbygginga vedkomande tilkopling til off. VA-anlegg. Ordførar orienterte om at dei hadde kopla seg til avløp og for dei fleste også til vassforsyninga. Ordførar orienterte og om at det no vart arbeidd med å få oversikt om det vert stilt krav til meir omfattande vernevedtekter/tiltak i nedslagsfeltet enn det som ligg føre i dag. Meir orientering vil verta gitt når informasjon er tilgjengleg.

Berit Hernes stilte og spørsmål ved kvaliteten på dei karta som ligg ved som vedlegg til saker. Ho ønskte ein klar og meir presis markering av kva område den aktuelle saka galdt. Om mogleg ønskte ho og fleire referanser på kartet. Dette sa dei andre i utvalet seg samd i.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Utsendt liste vart gått igjennom.

Leiaren orienterte om at det var kome eit skriv frå fylkesmannen der kommunane var bedt om å koma med framlegg til friluftsområde som burde sikrast. Utvalet drøfta det, og det vart bedt om at det vart gitt slik tilbakemelding:

1. Bade/friluftsområde i Gjerdsvika
2. Parkeringsplassen i Kvittingen
3. Bade/friluftsområde Ospevika
4. Bade plass Teigavika
5. Furøyne

Det vart og orientert om landbruksavdelinga sin oppmoding til kommunane og delta i **trivselsprosjektet**. 10 kommunar kan etter søknad få vera med i prosjektet. Det vert stilt prosjektleiar til disposisjon. Kvart prosjekt får kr 60.000 i tilskot frå fylkesmannen. Kommunen bør gå inn med kr 20.000. Det var semje om å forsøke å få med eit prosjekt i kommunen. Ådland evt. med omegn kan vera aktuelt. Ordføraren fylgjer dette opp, m.a. ved å kontakta personar som har engasjert seg i bygdeutvikling på Ådland.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0019/03	03/00168 DELINGSSAK GNR 48/23.
0020/03	03/00195 SØKNAD OM DELINGSLØYVE GNR. 25/2
0021/03	03/00208 SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM
0022/03	03/00244 SØKNAD OM KONSESJON- GNR/BNR 24/217
0023/03	03/00245 SØKNAD OM KONSESJON - GNR/BNR 24/219
0024/03	03/00150 SPØRSMÅL OM BYGGJELØYVE FOR HYTTE PÅ GNR.21 BNR.25 RØDNE
0025/03	03/00154 SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR TILBYGG TIL HYTTE PÅ GNR.48 BNR.13 UTSKOT
0026/03	03/00204 SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGJA TRAKTORVEG/SKOGSVEG TIL HUSET PÅ GNR.33 BNR.2 TVERLID
0027/03	99/00614 SØKNAD OM LØYVE TIL INNREIING AV NAUST GNR.43 BNR.45 OG 149 YTRE TYSSE
0028/03	02/00440 REGULERINGSPLAN, HELGATONA GNR. 24 BNR. 17.
0029/03	03/00249 ENDRING AV REGULERINGSPLAN LØNNEBAKKEN
0030/03	03/00249

ENDRING AV REGULERINGSPLAN LØNNEBAKKEN

0031/03

03/00141

**INTERKOMMUNALT SAMARBEID LANDBRUKSTENESTER
FUSA, OS OG SAMNANGER**

0019/03

DELINGSSAK GNR 48/23.

Framlegg til vedtak::

I høve til § 12 i jordlova vert det gitt løyve til å dele i frå ei tuft på om lag 1,4 daa frå gnr/bnr 48/23 i Samnanger kommune.

I høve til § 7 i pbl. vert det gitt dispensasjon til å dele i frå ei tuft på om lag 1,4 daa frå gnr/bnr 48/23 i Samnanger kommune. Det vert sett som vilkår at tufta vert nytta til bustadbygging. Steinar Yndestad er kjøpar av tufta.

Det vert sett som vilkår for frådelinga at Statens Vegvesen gjer dispensasjon frå byggjegrensa langs offentleg veg, samt godkjennar utvida bruk av eksisterande avkjørsle.

Handsaming i møte:

Utvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med tilrådinga.

Vedtak:

I høve til § 12 i jordlova vert det gitt løyve til å dele i frå ei tuft på om lag 1,4 daa frå gnr/bnr 48/23 i Samnanger kommune.

I høve til § 7 i pbl. vert det gitt dispensasjon til å dele i frå ei tuft på om lag 1,4 daa frå gnr/bnr 48/23 i Samnanger kommune. Det vert sett som vilkår at tufta vert nytta til bustadbygging. Steinar Yndestad er kjøpar av tufta.

Det vert sett som vilkår for frådelinga at Statens Vegvesen gjer dispensasjon frå byggjegrensa langs offentleg veg, samt godkjennar utvida bruk av eksisterande avkjørsle.

0020/03

SØKNAD OM DELINGSLØYVE GNR. 25/2

Framlegg til vedtak::

Det vert gitt dispensasjon til å dele frå ei bustadtuft på om lag 1,6 daa og ei garasjetuft på om lag 60 m² frå gnr/bnr 25/2 i Samnanger kommune.

Det må takast omsyn til regulert veg ved oppmålinga av tuftene.

Vedtaket er fatta i høve til pl.b. § 63, *Delinga av eiendom*, og pl.b. § 7, *Dispensasjon*.

Handsaming i møte:

Utvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med tilrådinga.

Vedtak:

Det vert gitt dispensasjon til å dele frå ei bustadtuft på om lag 1,6 daa og ei garasjetuft på om lag 60 m² frå gnr/bnr 25/2 i Samananger kommune.

Det må takast omsyn til regulert veg ved oppmålinga av tuftene.

Vedtaket er fatta i høve til pl.b. § 63, *Delinga av eiendom*, og pl.b. § 7, *Dispensasjon*.

0021/03

SØKNAD OM DELING AV GRUNNEIGEDOM**Framlegg til vedtak::**

Samnanger kommune rår til at det, i høve til § 12 i jordlova, vert gitt løyve til å dela i frå hus nr. 1 frå gnr/bnr 20/1. Tufta skal vera på 1,5 daa. Det vert sett som vilkår at gnr/bnr 20/20, med bustadhus, vert samanføyte med gnr/bnr 20/1. Frådelinga må ikkje vera til hinder for driftsveg(ane) til nedre del av landbrukseigedommen. Endeleg vedtak i høve til jordlova vert fatta av Fylkeslandbruksstyret.

Det vert med heimel i § 7 i pbl. gitt dispensasjon til å dele i frå ei tuft på 1,5 daa, med bustadhus, frå gnr/bnr 20/1 i Samnanger kommune.

Stig Arne Steintveit er kjøpar av tufta.

Handsaming i møte:

Utvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med tilrådinga.

Vedtak:

Samnanger kommune rår til at det, i høve til § 12 i jordlova, vert gitt løyve til å dele i frå hus nr. 1 frå gnr/bnr 20/1. Tufta skal vera på 1,5 daa. Det vert sett som vilkår at gnr/bnr 20/20, med bustadhus, vert samanføyte med gnr/bnr 20/1. Frådelinga må ikkje vera til hinder for driftsveg(ane) til nedre del av landbrukseigedommen. Endeleg vedtak i høve til jordlova vert fatta av Fylkeslandbruksstyret.

Det vert med heimel i § 7 i pbl. gitt dispensasjon til å dele i frå ei tuft på 1,5 daa, med bustadhus, frå gnr/bnr 20/1 i Samnanger kommune.

Stig Arne Steintveit er kjøpar av tufta.

0022/03

SØKNAD OM KONSESJON- GNR/BNR 24/217

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune gjer Helge Magnus Erdal, i høve til konsesjonslova av 31. mai 1974, konsesjon på ein nausttuft, gnr/bnr 24/217, i Samnanger kommune

Handsaming i møte:

Utvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med tilrådinga.

Vedtak:

Samnanger kommune gjer Helge Magnus Erdal, i høve til konsesjonslova av 31. mai 1974, konsesjon på ein nausttuft, gnr/bnr 24/217, i Samnanger kommune

0023/03

SØKNAD OM KONSESJON - GNR/BNR 24/219

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune gjer Jim- Tore Liøen, i høve til konsesjonslova av 31. mai 1974, konsesjon på ein nausttuft, gnr/bnr 24/219, i Samnanger kommune

Handsaming i møte:

Utvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med tilrådinga.

Vedtak:

Samnanger kommune gjer Jim- Tore Liøen, i høve til konsesjonslova av 31. mai 1974, konsesjon på ein nausttuft, gnr/bnr 24/219, i Samnanger kommune

0024/03

SPØRSMÅL OM BYGGJELØYVE FOR HYTTE PÅ GNR.21 BNR.25 RØDNE

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta saka, og valde ut frå dei grunngjevingane søkjar har gitt å gje dispensasjon frå gjeldande kommuneplan. Vedtaket er samrøystes.

Vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplan for Samnanger. Søknaden om å få føra opp hytte på gnr. 21, bnr. 25 på Rødne vert imøtekomen.

0025/03

**SØKNAD OM BYGGJELØYVE FOR TILBYGG TIL HYTTE PÅ GNR.48 BNR.13
UTSKOT**

Framlegg til vedtak::

I medhald av plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå byggjeforbud i kommuneplan for Samnanger, for bygging av tilbygg til hytte på gnr.48 bnr.13.

I medhald av plan og bygningslova § 93 vert byggjeløyve for tilbygg til hytte gjeve, i samsvar med søknad dgs.23.03.03. Søkjar er sjølv ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

I medhald av plan og bygningslova § 7 vert det gjeve dispensasjon frå byggjeforbud i kommuneplan for Samnanger, for bygging av tilbygg til hytte på gnr.48 bnr.13.

I medhald av plan og bygningslova § 93 vert byggjeløyve for tilbygg til hytte gjeve, i samsvar med søknad dgs.23.03.03. Søkjar er sjølv ansvarleg for at alt arbeid vert utført i samsvar med gjeldande krav i plan og bygningslova med tilhøyrande forskrifter.

0026/03

**SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGJA TRAKTORVEG/SKOGSVEG
TIL HUSET PÅ GNR.33 BNR.2 TVERLID**

Handsaming i møte:

Utvalet drøfta saka, særleg var dei innom spørsmålet om ein veglaus, men fråflytta gard skulle handsamast ansleis enn veg fram til hytte. Utvalet fatta eit samrøystes vedtak.

Vedtak:

Søknad om bygging av veg fram til gnr. 33, bnr. 2 Tverlid vert ikkje imøtekomen. Dersom vegen skal nyttast i samband med gardsdrift, m.a. til uttak av skog, må det fremjast ein ny grunngeven søknad.

0027/03

**SØKNAD OM LØYVE TIL INNREIING AV NAUST
GNR.43 BNR.45 OG 149 YTRE TYSSE**

Framlegg til vedtak::

Med heimel i plan og bygningslova § 33 vert saka utsett til ny reguleringsplan for Ytre Tysse er stadfest.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltingslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova §15. Klagefrist er 3 veker frå De mottek melding om vedtaket.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Berit Hernes som nabo til søkjaren, ba om å verta erklært ugild ved handsaming av denne saka, noko utvalet vedtok samrøystes

Vedtak:

Med heimel i plan og bygningslova § 33 vert saka utsett til ny reguleringsplan for Ytre Tysse er stadfest.

Vedr. opplysning om rett til å klaga på vedtaket, vert det synt til forvaltingslova §§ 27 og 29-32, og plan og bygningslova §15. Klagefrist er 3 veker frå De mottek melding om vedtaket.

0028/03

REGULERINGSPLAN, HELGATONA GNR. 24 BNR. 17.

Handsaming i møte:

Utvalet gjekk igjennom dei merknadane som var komne inn. I møtet vart det utdelt ein siste merknad frå grunneigar for gnr. 24 bnr. 23 og 117. Det vart vidare utdelt ei ny saksutgreiing der den siste merknaden m.a. vart kommentert.

Utvalet fatta samrøystes vedtak om å tilrå for kommunestyret utkast til reguleringsplan med forskrifter.

Vedtak:

Framlegg til reguleringsplan for Helgatona dagsett 23.04.03. Med forskrifter av 23.04.03 vert godkjend.

0029/03

ENDRING AV REGULERINGSPLAN LØNNEBAKKEN**Framlegg til vedtak::**

Arbeidet med endring av gjeldande reguleringsplan for Lønnebakken som m.a. inkluderar utviding av planområdet vert starta opp.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

###

Arbeidet med endring av gjeldande reguleringsplan for Lønnebakken som m.a. inkluderar utviding av planområdet vert starta opp.

0030/03

ENDRING AV REGULERINGSPLAN LØNNEBAKKEN**Framlegg til vedtak::**

###

1.

Følgjande endringar i område L1 og B3 i reguleringsplan for Lønnebakken vert godkjent som mindre vesentleg endring av planen etter pbl § 28-1, nr 2 .:

- flytting av gangveg mellom veg 2 til veg 0
- samanslåing av tomt 8 og 9
- samanslåing av tomt 30 og 31
- ny tilkomstveg til tomt 30 og 31
- ny tilkomstveg til tomt 11, og tilsvarande reduksjon av friområde L1
- flytting av snuhammar mellom tomt 8 og 9

Alle endringar er i samsvar med skisse datert Skissa skal innarbeidast på reguleringsplankartet etter rettleiaren til miljødepartementet.

2.

Veg 0 vert avslutta ved krysset til veg 1, og frigjort areal vert tillagt tomt 19 og 20 som byggjeområde. Endringa vert godkjent som mindre vesentleg endring av planen etter pbl § 28-1, nr 2 .

3.

Følgjande endringar av føresegnene vert godkjend

§ 3 . OMRÅDE FOR BUSTADER

3.1 Område B1 til B8 skal nyttast til bustadføremål med tilhøyrande anlegg innanfor dei avgrensingar som er gjevne i reguleringsføresegnene og på plankartet.

3.2 Tillaten tomteutnytting TU, er gjeve som eit høvetal mellom tillate bruksareal uttrykt i % av arealet på tomten. Dette talet skal vera:

TU = maks 30 % for einebustader og tomannsbustader

TU = maks 40 % tett låg utbygging

TU = maks 50 % for bygg med fleire husvære og terrassehus

3.3 Minste uteopphaldsareal pr bustadeining skal vera:

250 m² for einebustader og tomannsbustader

200 m² for tett låg utbygging

150 m² for bygg med fleire husvære og terrassehus

3.4

3.4.1

første avsnitt 2. pkt: Det kan tillast innreiing av sjølvstendig husvære med inntil 60 m² buareal. Det er då ein føresetnad at det kan dokumenterast ekstra biloppstillingsplass på tomten.

andre avsnitt: Mønehøgda må ikkje overstiga 6 m for hus med 1 etasje, 9 m for hus med 2 etasjar, 12 m for 3-etasjes hus og 15 m for terrasseblokker i 4 etg. Mønehøgda skal reknast frå høgde på ferdig planert terreng.

3.4.2 utgår

3.5 utgår

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

###

1.

Følgjande endringar i område L1 og B3 i reguleringsplan for Lønnebakken vert godkjent som mindre vesentleg endring av planen etter pbl § 28-1, nr 2 .:

- flytting av gangveg mellom veg 2 til veg 0

- samanslåing av tomt 8 og 9
- samanslåing av tomt 30 og 31
- ny tilkomstveg til tomt 30 og 31
- ny tilkomstveg til tomt 11, og tilsvarende reduksjon av friområde L1
- flytting av snuhammar mellom tomt 8 og 9

Alle endringar er i samsvar med skisse datert Skissa skal innarbeidast på reguleringsplankartet etter rettleiaren til miljødepartementet.

2.

Veg 0 vert avslutta ved krysset til veg 1, og frigjort areal vert tillagt tomt 19 og 20 som byggjeområde. Endringa vert godkjent som mindre vesentleg endring av planen etter pbl § 28-1, nr 2 .

3.

Følgjande endringar av føresegnene vert godkjend

§ 3 . OMRÅDE FOR BUSTADER

3.1 Område B1 til B8 skal nyttast til bustadføremål med tilhøyrande anlegg innanfor dei avgrensingar som er gjevne i reguleringsføresegnene og på plankartet.

3.2 Tillaten tomteutnytting TU, er gjeve som eit høvetal mellom tillate bruksareal uttrykt i % av arealet på tomten. Dette talet skal vera:

TU = maks 30 % for einebustader og tomannsbustader

TU = maks 40 % tett låg utbygging

TU = maks 50 % for bygg med fleire husvære og terrassehus

3.3 Minste uteopphaldsareal pr bustadeining skal vera:

250 m² for einebustader og tomannsbustader

200 m² for tett låg utbygging

150 m² for bygg med fleire husvære og terrassehus

3.4

3.4.1

første avsnitt 2. pkt: Det kan tillatast innreiing av sjølvstendig husvære med inntil 60 m² buareal. Det er då ein føresetnad at det kan dokumenterast ekstra biloppstillingsplass på tomten.

andre avsnitt: Mønehøgda må ikkje overstiga 6 m for hus med 1 etasje, 9 m for hus med 2 etasjar, 12 m for 3-etasjes hus og 15 m for terrasseblokker i 4 etg. Mønehøgda skal reknast frå høgde på ferdig planert terreng.

3.4.2 utgår

3.5 utgår

0031/03

INTERKOMMUNALT SAMARBEID LANDBRUKSTENESTER FUSA, OS OG SAMNANGER

Handsaming i møte:

Bondelaget ved leiar har fått rapporten til uttale. Ho har gitt tilbakemelding om at uttale ikkje kan ligge føre før til kommunestyret si handaming.

På bakgrunn av det valde utvalet å la saka gå til kommunestyret utan tilråding.

Vedtak:

Med bakgrunn i at det ikkje ligg føre uttale frå Bondelaget vert saka oversendt kommunestyret utan tilråding.